

MODALEN KOMMUNE



ØKONOMIPLAN 2020-2023

OG

ÅRSBUDSJETT 2020

Innstilling frå formannskapet

1	GENERELLE RAMMER OG FØRESETNADER FOR BUDSJETT- OG ØKONOMIPLANARBEIDET	4
1.1.	Lovreglar	4
1.2.	Organisering av arbeidet og vedtak	4
1.3.	Organisatoriske verkemidler og speleregular	5
1.4.	Fordelingsfullmakter	5
2.	GENERELT OM KOMMUNEN SIN ØKONOMI, FØRESETNADER OG OVERORDNA MÅLSETTING.....	6
2.1.	Økonomi og generelle føresetnader.....	6
2.2.	Overordna målsetjingar – Kommuneplan 2015-2026	7
3.	ØKONOMISKE FØRESETNADER FOR BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2020 – 2023.....	7
3.1.	Føresetnader for inntektssida.....	7
3.1.1.	Innleiring	7
3.1.2.	Eigedomsskatt	8
3.1.3.	Skatt og rammetilskot	8
3.1.4.	Kompensasjon for meirverdiavgift.....	9
3.2.	Føresetnader for utgiftssida.....	9
3.2.1.	Lønsvekst	9
3.2.2.	Godtgjering ordførar, varaordførar og andre folkevalde	10
3.2.3.	Pensjonspremie og arbeidsgjevaravgift.....	10
3.2.4.	Avdrag	10
3.2.5.	Lånerente.....	10
4	BUDSJETTLØYVINGAR – AVDELINGANE – TALDEL - OVERSYN	10
4.0	Kommentarar til budsjettet for 2020.....	11
4.1.	Presentasjon einingane:	11
4.1.1	Rådmannen/sentraladministrasjon:	11
4.1.2	Kultur.....	14
4.1.3	Sosial og barnevern:	15
4.1.4	Næring.....	17
4.1.5	Skule.....	18
4.1.6	Barnehage	19
4.1.7	Pleie og omsorg	19
4.1.8	Kommuneoverlege/Helsesenteret	21
4.1.9	Teknisk etat	22
4.2.	Tabellar og oversyn:	25
	Små investeringar og tiltak som vert ført i driftsbudsjettet	25

Løyvingsoversyn drift	25
Økonomisk oversikt drift	27
5. INVESTERINGAR.....	29
5.1. Oversyn over investeringar.....	29
5.2. Løyvingsoversyn – Investering	29
5.3. Fondsmidlar og lånegjeld – utvikling	30
5.4. Utfyllande kommentarar til investeringsbudsjettet.....	32

1 Generelle rammer og føresetnader for budsjett- og økonomiplanarbeidet

1.1.Lovreglar

Kommunelova set dei lovmessige rammene for kommunen sitt budsjett og økonomiplanarbeid.

Kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivaretatt over tid, jfr ny kommunelov § 14-1.

Kommunestyret si plikt til å vedta budsjett økonomiplan er nedfelt i ny kommunelov § 14-2, bokstav a.

§14-4:

Økonomiplanen skal vise hvordan langsiktige utfordringer, mål og strategier i kommunale og regionale planer skal følges opp.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer og bevilgninger og de målene og premissene som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. De skal også vise utviklingen i kommunens eller fylkeskommunens økonomi og utviklingen i gjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktelser. Vedtaket om årsbudsjett skal angi hvor mye lån som skal tas opp i budsjettåret.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settes opp i balanse og være realistiske, fullstendige og oversiktlige.

Økonomiplanen skal deles inn i en driftsdel og en investeringsdel. Årsbudsjettet skal deles inn i et driftsbudsjett og et investeringsbudsjett og stilles opp på samme måte som økonomiplanen.

1.2.Organisering av arbeidet og vedtak

Arbeidet har teke utgangspunkt i vidareføring av eksisterande driftsnivå, justert for kjente/vedtekne endringar, og ei målsetjing om at netto driftsresultat over tid vert tilpassa investeringsnivået til kommunen. Det har dei seinare åra vore ei utfordring å tilpasse driftsnivået til lågare inntekt frå eigedomsskatt. og rekneskapsresultatet i 2018 vart negativt.

Eigedomsskatteinntekta har no snudd i positiv retning, og det er viktig at handlefridomen vert ivaretaken og at kommunen har buffer til å handtera uføresette hendingar/endringar med negative konsekvensar.

I formannskapsmøte 22.10.19 informerte einingsleiarane om status, utfordringar og endringsbehov innan sine tenesteområde. I møtet var det informasjon, samt drøftingar av føresetnader for budsjettarbeidet med sikte på signal til rådmannen i samband med utarbeiding av budsjettframlegget.

Rådmannen ferdigstilte arbeidet og sendte den 19.11.19 ut budsjettframlegg til politisk handsaming. Formannskapet handsama sak om budsjett og økonomiplan i møte 26.11.19. Budsjettinnstillinga frå formannskapet ligg til ålement ettersyn fram til handsaming i kommunestyremøtet 12.12.19, der det vert gjort endeleg vedtak.

1.3. Organisatoriske verkemidlar og spelereglar.

Modalen kommune har hatt, og har god økonomi til å yta tenester for innbyggjarane i kommunen. Det har i nokre år vore ein strammare økonomi, særleg grunna redusert inntekt frå eigedomsskatt. I planperioden er det venta betring i eigedomsskatteinntekta igjen. Det er likevel viktig med ei tydeleg prioritering framover, god økonomisk styring og at ein fokuserer på å få mest mogleg tenester ut av dei pengane ein løyver, samt at ressursbruken er i tråd med dei løvyingane kommunestyret har gjeve. Reduksjonen i eigedomsskatteinntekt dei seinare åra har synt at kommunen er sårbar for svingningar i desse inntektene. Det er såleis viktig å ha buffer både i form av fondsavsetjingar og i den årleg løpende budsjetteringa.

1.4. Fordelingsfullmakter

Kommunestyret gjev **rammeløyving** til følgjande område:

Rådmannen/sentraladministrasjon

Næring

Kultur

Sosial og barnevern

Skule

Barnehage

Pleie og omsorg

Kommunelege

Teknisk etat

Desse rammene er absolutte, og endringar kan berre gjerast av kommunestyret. Den løpende oppfølginga av budsjettet på politisk nivå vert lagt til formannskapet. Likevel slik at det minimum to gonger i løpet av budsjettåret skal fremjast eigne saker til kommunestyret som omhandlar kommunen sin økonomiske situasjon (tertialrapportar).

I utøving av fordelingsfullmakta kan formannskapet ikkje fatte vedtak som er i strid med budsjett/økonomiplan fatta i kommunestyret.

2. Generelt om kommunen sin økonomi, føresetnader og overordna målsetting.

2.1. Økonomi og generelle føresetnader

Kommunen si inntekt kjem i hovudsak frå følgjande finansieringskjelder:

- Skatteinntekt inkl naturressursskatt
- Rammetilskot
- Skatt på eigedom
- Konsesjonsavgift
- Øyremerka tilskot
- Gebyr/avgifter/brukarbetaling


Svært mykje av kommunen sin økonomi er knytt til inntekt frå kraftproduksjon.

Naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt utgjer i 2019 om lag 43 % av dei samla budsjetterte driftsinntektene til kommunen. Andelen var i mange år aukande og passerte 50 %, men har vorte redusert som følgje av redusert eigedomsskatteinntekt. Samla vart eigedomsskatteinntekta redusert med kr 7,1 millionar frå 2013 til 2018, ein nedgang på 30 %. Situasjonen er no snudd, og botnen er nådd for denne gongen. Uviklinga i planperioden er venta å vere positiv med aukande eigedomsskatteinntekt.

Diagram - Endring i frie disponible inntekter 2018-2023 (årleg %-vis realendring):

Alle talgrunnlag i faste 2020-kroner. Det er nytta 2,5 % deflator for alle åra.

Inntekt: Skatt, rammetilskot, eigedomsskatt, naturressursskatt, konsesjonsavgift, generelle statstilskot.



Det som peiker seg ut er negativ realendring for 2018, og positiv realendring 2020 og 2022. Dette knyt seg til i hovudsak til endring i eigedomsskatteinntekta.

2.2. Overordna målsetjingar – Kommuneplan 2015-2026

Kommunen sine overordna målsetjingar er slik nedfelt i kommuneplanen:

1. Modalen er ein attraktiv, trygg og inkluderande plass å bu
2. Modalen kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og attraktiv arbeidsgjevar med relevant kompetanse, tilstrekkeleg kapasitet og gode tenester
3. Næringslivet i Modalen er tufta på god samhandling mellom fleire kompetansemiljø
4. I Modalen er område som fostrar fysisk aktivitet, og god folkehelse lett tilgjengelege for alle
5. I Modalen har ein fokus på eit effektivt og allsidig landbruk

Det årlege driftsbudsjettet og økonomiplanen skal leggje til grunn mål og prioriteringar som er vedtekne i kommuneplanen. Dette gjeld både når det gjeld aktivitetar i tenesteområda og utviklingstiltaka som kommunen planlegg å gjennomføre sjølv eller yte stønad til.

Modalen kommune har hatt ein økonomisk handlefridom som har gjort at kommunen til har kunna løyst eksisterande og nye utfordringar til beste for innbyggjarane i kommunen med stor kommunal eigeninnsats.

Inntektene i åra framover vil truleg auke, det vil framleis vere viktig at alle ledd i organisasjonen bidreg til ei økonomistyring som gjer at det til ei kvar tid er tilgjengeleg og tilstrekkeleg økonomisk handlefridom.

Dette vil òg setje krav til ei streng politisk prioritering av driftskostnader, lokale stønadsordningar og investeringstiltak.

3. Økonomiske føresetnader for budsjett og økonomiplan 2020 – 2023.

3.1. Føresetnader for inntektssida

3.1.1. Innleiing

Ved utrekning av rammetilskot og skatt er det tatt utgangspunkt i dei statlege føresetnadene slik dei er vist i KS sin prognosemodell oppdatert etter framlegg til statsbudsjett for 2020 frå regjeringa.

For skatt og rammetilskot er det lagt til grunn same realnivå som 2020 i dei 3 siste åra i planperioden (2021-2023).

3.1.2. Eigedomsskatt

For 2020 legg me til grunn eigedomsskatteinntekt på kr 22,1 millionar, som vil utgjere om lag 22,5 % av samla budsjettet inntekt til kommunen. Tilsvarande var om lag 19,8 % i 2019 og 18,4 % i 2018. Tilbake i 2014 var andelen 26,6 %.


Eigedomsskatt vert skrive ut med 7 promille av grunnlaget (lova sin maksimalsats) i 2020. Modalen kommune skriv ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 3 bokstav c: «berre på Kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum». Kommunen har såleis kun eigedomsskatt på kraftproduksjon og kraftlinjer.

Eigedomsskatten forfall til betaling i 2 terminar: 31.03 og 30.09.

Det er likningsverdiar (formuesverdi) som ligg til grunn for utrekning av eigedomsskattegrunnlaget på kraftproduksjonsanlegg. Basert på nye prognosar er det venta at eigedomsskattegrunnlaget vil auka i åra i planperioden. Bakgrunnen for auken er i hovudsak kraftprisane.

Diagram: Utvikling eigedomsskatt 2018 til 2023 (årleg %-vis realendring) :

Alle talgrunnlag i faste 2020-kroner. Det er nytta 2,5 % deflator for alle åra.



Diagrammet syner realendringa i prosent. Realendring vil seie at ein justerer for pris- og lønnsvekst (inflasjon). I planperioden er det venta ein god positiv realvekst i 2020 og 2022.

3.1.3. Skatt og rammetilskot

Inntekta i budsjettet for 2020 er rekna med siste prognosemodell frå KS, der føresetnadene frå statsbudsjettet er lagt inn. Rammetilskotet inkluderer både inntektsutjamninga og utgiftsutjamninga mellom kommunane. Utgiftsutjamninga tek høgde for ulike behov mellom kommunane, medan inntektsutjamninga tek høgde for ulik skatteinngang mellom

kommunane. Skatt og rammetilskot utgjer 49,2 % av samla budsjettet driftsinntekt i 2020, i 2019 var andelen 52,6 % og i 2018 var andelen 51,1 %. Andelen har vore aukande dei seinare åra før det vart ein nedgang i 2020.


Det kommunale skatteøyret vert sett til maksimalsats ved kommunelikninga for 2020, dvs 11,1 % iflg framlegg til statsbudsjett. Ein reduksjon frå 11,55% året før.

Det er lagt til grunn eit rammetilskot på kr 23,2 millionar og skatteinntekt på kr 25,1 millionar, inkl naturressursskatt, for 2020, samla kr 48,3 millionar.

Oversynet under viser årleg prosentvis realendring i skatt og rammetilskot samla for åra 2018 til 2023.

Diagram: Utvikling skatt/rammetilskot 2018-2023 (årleg %-vis realendring):

Alle talgrunnlag i faste 2020-kroner.



Diagrammet syner at det har vore ein positiv realvekst i skatt/rammetilskot dei seinare åra. I planperioden legg ein til grunn ei flat utvikling, dvs ein nominell inntektsvekst på nivå med pris- og lønsveksten.

3.1.4. Kompensasjon for meirverdiavgift

Mva-kompensasjon frå mva-utgift i driftsbudsjettet for 2020 er lagt inn med kr 2,8 millionar.

3.2. Føresetnader for utgiftssida

3.2.1. Lønsvekst

I Statsbudsjettet er årlønnssveksten frå 2019 til 2020 venta å verte 3,6 %. Dette er lagt til grunn i lønsbudsjetteringa.

3.2.2. Godtgjering ordførar, varaordførar og andre folkevalde

Godtgjering for ordførar, varaordførar og folkevalde er budsjettert i høve gjeldande reglement.

3.2.3. Pensjonspremie og arbeidsgjevaravgift

Modalen kommune har avtale med KLP om pensjonsforsikring for alle tilsette utanom lærarane, som er forsikra i Statens pensjonskasse.

Budsjettføresetnadene er gjort med bakgrunn i følgjande prognosar for pensjonsleverandørane.

Pensjonspremie	KLP Fellesordninga 21,1 %
Pensjonspremie	KLP Sjukepleiarordninga 20,5 %
Pensjonspremie	SPK 10,2 % (Lærarar)

Arbeidsgjevaravgifta er rekna med 13 % av lønspostane inkl. pensjonspremie.

3.2.4. Avdrag

Modalen kommune legg opp til låneopptak i 2020 knytt til bygging av nytt nærings- og tenestesenter. Dette medfører auka finanskostnader. Budsjettet avdrag vert sett til kr 1,0 millionar i 2020, aukande til nominelt om lag kr 1,5 millionar i 2021 og framover.

Lånegjelda vil pr 1.1.20 vere om lag kr 15,4 millionar utanom formidlingslån. Basert på førebels plan for finansiering av nybygg, vil lånegjeld eks formidlingslån auke til knapt kr 40 millionar pr 31.12.20 og vere 35,4 millionar ved utløpet av planperioden 31.12.2023.

3.2.5. Lånerente

Lånegjelda har flytande rentevilkår. Flytande pt rente i Kommunalbanken er pr dato 2,40 %. I planperioden frå 2020 og utover er det lagt til grunn 2,5 % aukande til 3,0 %.

4 Budsjettloyvingar – avdelingane – taldel - oversyn

Kommunestyret skal handsama sak om budsjett og økonomiplan 2020-2023, i møte 12.12.2019. Budsjettet for 2020 har ei bruttoramme (samla driftsinntekt) på omlag kr 98,9 millionar og vil passere kr 100 millionar i planperioden. Netto driftsresultat vil verte omlag kr 3,7 millionar i 2020, noko som utgjer 3,7 % av driftsinntekta.

Kr 3,2 millionar av resultatet i 2020 er premieavviksinntekt knytt til pensjon. Den inntekta skal amortiserast/utgiftsførast igjen fordelt over dei neste 7 åra.

I planperioden vil netto driftsresultat variere mellom 3,7 % og 5,9 %.

	2020	2021	2022	2023
Netto driftsres. i % av sum driftsinntekt	3,7 %	4,1 %	5,9 %	4,7 %

Modalen kommune har hatt ein solid økonomi og god handlefridom, men svakare inntektsutvikling har medført eit ekstra fokus på driftsresultatet dei seinare åra. Utfordringar og press på økonomien har i stor grad kommet frå redusert eigedomsskatteinntekt. I åra som kjem er det venta at eigedomsskatteinntekta aukar igjen. Det er då viktig å få netto driftsresultat på eit nivå som gjev rom for å ha buffer mot endringar i rammeverklikåra for kommunen, samstundes som investeringsnivået over tid er tilpassa resultatet frå drifta, og ein opprettheld høvet til å eigenfinansiera investeringane i størst mogleg grad. I perioden er det lagt til grunn at det skal oppførast og finansierast nytt nærings- og tenestesenter med ei utgiftsramme på kr 40 millionar. Kostnader knytt til dette er innbakt i planperioden.

Det er viktig å vera merksam både på utviklinga i driftskostnadene og -inntektene, slik at økonomien vert styrt til beste for kommunen og innbyggjarane. Å ha tilstrekkeleg med midlar til eigenfinansiering av investeringar er nødvendig, slik at ein kan sikra at det er høve til å få på plass nødvendig infrastruktur mv som ofte vil ha høg kostnad i høve til talet på brukarar/innbyggjarar.

4.0 Kommentarar til budsjettet for 2020

Budsjettvedtaket for 2020 tek utgangspunkt i driftsnivået som har vore i 2019 og inkluderer nødvendige justeringar for kjente endringar.

4.1. Presentasjon einingane:

4.1.1 Rådmannen/sentraladministrasjon:

Rådmannen

Rådmannen har det overordna ansvaret for heile kommunen. Rådmannen skal syta for at sakene vert førebudd før politisk handsaming og for at politiske vedtak vert sett i verk. Sidan 1. januar 2013 har den administrative organiseringa vore ein modell med to nivå. Denne modellen har fungert godt. Leiarane for dei einskilde einingane har ansvar for sine område innan økonomi, personal og fag og rapporterer direkte til rådmannen.

Rådmannen har det overordna og samla budsjettansvaret. Det direkte og faglege ansvaret vert ivareteke av økonomisjefen. Rådmannen har direkte ansvar for dei delar av budsjettet som er meir sektorovergripande med særleg vekt på dei politiske organa, IKT, kommunekasserarfunksjon og næringsutvikling. Etter den administrative omorganiseringa er tenestene for sosial/NAV og barnevern også lagt til rådmannen.

Modalen skal vera ein effektiv organisasjon som utviklar og tar i bruk innovative og digitale løysningar. Digitalisering er eit viktig satsingsområde for Modalen kommune m.a. for å effektivisere arbeidsprosessar og betre tenestene til innbyggjarane. Innbyggjarane i kommunen forventar digitale tenester og digital dialog med kommunen. Organisasjonen er avhengig av digitale løysingar for å kunne effektivisere arbeidsprosessar og tenesteproduksjon ytterlegare framover. Eit sterkt IKT samarbeid mellom kommunar er plattforma for vidare utvikling lokalt. Dette mellom anna for betre å ivareta og samordne dei ulike oppgåver som er lagt til kundetorget som eit sentralt dokument- og servicesenter for kommunen.

Dei tilsette i Modalen kommune utgjer den viktigaste ressursen som kommunen rår over. Ei opplæringsnemnd, der tillitsvalde er representert, styrer opplæringsmidlane som skal nyttast til utvikling og kunnskapsheving blant dei tilsette. Rådmannen og leiarane har også det overordna ansvaret for arbeidsmiljøet og personalpolitikken som er viktig i alle organisasjonar. Omorganisering, som er gjennomført, er både med å tydeleggjere ansvaret og styrkjer personalarbeidet på einingsnivået. Midlar til kjøp av tenester frå Bedriftshelsetenesta er sett av til å gjennomføre ulike tiltak som vert planlagt for 2020. Overordna personalansvar og felles oppgåver er lagt til stillinga for assisterande rådmann.

Stillingsressurs: Rådmannen: 100 %. Assisterande rådmann: 100 %
Utviklingssjef: 50% (vakant 2020 grunna budsjettkutt).
Sentralbord /arkiv/ kundetorg: 280 %

Fellesfunksjonar:

Lærlingeordning: Vi har ved inngangen til 2020 2 lære plassar som inngår i den kommunale tenesteproduksjonen.

Seniortiltak: Ordninga er føresett vidareført.

Rådmannen - Mål for 2020:

- Initiere og drive vidareutvikling av kommunen sin kvalitetsstyringssystem.
- Evaluere og revidere kommunen sin planstrategi
- Gjennomføre felles samarbeidsprosjekt gjennom IKT-Nordhordland for digitalisering av intern og ekstern kommunikasjon frå/til kommunen. Halde fram utviklinga av kundetorget til eit dokument- og servicesenter for alle einingar i kommunen.
- Gjennomføre felles prosjekt med dei andre randkommunane og nye Alver kommune for å greie ut moglege samarbeidsområde innafor tenesteutviklinga til kommunane.

Kommunekasserar/økonomisjef

Oppgåvene til avdelinga omfattar rekneskapsføring og årsavslutning, remittering/rekningsbetaling, fakturering og oppfølging, løn og fråvær, budsjett og budsjettoppfølging, eigedomsskatt, samt støtte og rådgjeving for avdelingane.

Skatteoppkrevjarfunksjonen, som også omfattar kontroll, vert ivaretake etter avtale med Nordhordland Kemnerkontor som ei fellesløysing for kommunar i Nordhordland. I statsbudsjettet for 2020 er det foreslått å overføre skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommunane til staten frå 1. juni 2020.

Stillingsressurs: Økonomisjef: 100 %

IKT

Det interkommunale IKT samarbeidet i Nordhordland med Osterøy som vertskommune har gjeve gode resultat for alle kommunane. Samarbeidet har styrka tenestene og ein ser god nytte av dette samarbeidet både for utføring av tenester, innkjøp, driftstryggleik og utviklingsoppgåver. Frå 2020 vert IKT Nordhordland skilt ut som eige IKS, med medlemskommunane som eigarkommunar. Frå 2020 kjem kommunane Gulen, Samnanger og Austevoll inn i IKT Nordhordland

Til vår del av IKT Nordhordland sine driftskostnader for 2019 er det sett av kr 1 500 000. I tillegg kjem kostnader for ulike lisensar, kontingatar, digitalisering og ulike prosjektkostnader.

Innan IKT-budsjetten har vi no samla alle føringar av kostnader relatert til IKT (drift, investeringar, serviceavtalar og lisensar) for alle einingar og sentraladministrasjon samt kostnader til kopimaskiner og telefoni. Innan dette budsjettområdet vert også alle inntekter og kostnader til drift og vedlikehald av fibernettet ført. Dette gjev god styring og kontroll. Budsjettet tek omsyn til å vidareføre tilbod og kvalitetsnivå som vi har i dag slik at vi kan samhandle og vere på eit kvalitetsnivå med samarbeidande kommunar.

Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ta i vare innbyggjarane sin sikkerheit og tryggheit innanfor sitt geografiske område. Alle uønskte hendingar skjer i ein kommune, og kommunane utgjør det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen.

På bakgrunn av ny organisering gjennomførte kommunen ein hovudrevisjon av den overordna krise- og beredskapsplanen i 2013. Planen vart sist revidert hausten 2018, men mindre endringar i planen skjer fortløpende gjennom året og fast ved overgang til nytt kalenderår. Tenestene har også egne beredskapsplanar basert på lokale forhold.

Kommunen skal ta omsyn til tryggleik og beredskap i samband med all arealplanlegging. Det er m.a. krav om at det vert utarbeida risiko- og sårbarheitsanalyse i samband med alle nye reguleringsplanar. Forskrift om konsekvensutgreiingar omtalar i kva tilfelle det skal utarbeidast konsekvensutgreiing (KU) og kva denne skal innehalde.

Mål og tiltak for samfunnstryggleik og beredskap i 2020 er :

- Gjennomføre ei årleg beredskapsøving for kriseleriinga
- Årleg revisjon av krise- og beredskapsplan
- Revidere og utvikle kommunen sine varslingsrutinar og varslingskanalar

Flyktningar

Driftsbudsjetten for 2020 skal finansiere oppfølging av dei flyktningane som kom i 2016. Ein legg til grunn i budsjetteringa at utgiftene samsvarer med det ein får i tilskot frå staten til flyktningarbeidet. Det er verdt å leggje merke til at det statlege tilskotet vil bli redusert frå om lag 3 mill kr i 2017/2018 til om lag 0,6 mill kr i 2020. Dette på grunn av at ein av flyktningefamiliane har flytta ut av kommunen samt at tilskota er høgast dei fyrste åra etter at flyktningane er busett, for så gradvis å synke i løpet av dei 5 åra ein tilsaman får statleg støtte.

Ordinære tenester innan helse, barnehage og skule skal ivareta også desse nye innbyggjarane innan einingane sine driftsbudsjetten. Ved særskilte behov kan tilskotsmidlar verte overført til einingane. Det statlege tilskotet fordeler seg over 5 år frå og med busetjingsåret. Tilskotet skal, i tillegg til å dekke kommunen sine kostnader med busetjinga, sikre inntektsgrunnlaget til flyktningane dei 2 fyrste åra.

Mo sokn

Tilskotet til Mo sokn (kyrkja) inngår i ansvar 1000 rådmannen. For 2020 er det søkt om kr 1 136 000 i tilskot til drift. Dette er ca 5% auke i høve 2019. Mo sokn har ulike aktivitetar for alle aldersgrupper i kommunen, og mykje av arbeidet dei gjer er basert på frivillige. Rådmannen meiner at Mo sokn har lagt fram ein nøktern søknad, med bakgrunn i at soknet ikkje fekk auke i tilskotet frå 2018 til 2019, og har i sitt framlegg til budsjett for 2020

føreslege å gje Mo sokn 1 136 000 kr i tilskot til drifta. Kommunen skal også betale tilskot til andre trusamfunn. Desse tilskota er basert på tal fra sentrale statistikkar, og utgjer i sum eit mindre beløp.

Politisk

Godtgjering til ordføraren og alle folkevalde vert belasta ansvar 1000 Rådmannen. Budsjettet er justert i samsvar med gjeldande reglement. Dette gjeld òg kostnader til frikjøp og refusjon av tapt arbeidsforteneste for folkevalde. Tilskot til fordeling mellom politiske parti er avsett med kr 10 000 då det synes ikkje å vere stor trøng til politisk arbeid utover frikjøpsordningar og godtgjerdsel etter revidert reglement.

4.1.2 Kultur

Kulturavdelinga har frå 01.01.19 tilsett konsulent for kultur i 100 % stilling. Deler av denne stillinga er knytt til Bryggjeslottet. Frå september 2019 vart det tilsett miljøarbeidar i 20 % stilling, med ansvar for fritidsklubb for barn og unge frå 5.-10.klasse og for ungdomsrådet. Denne stillinga ligg inne med auke på 20 % i budsjett for 2020, Kulturavdelinga har eit overordna ansvar for kultur-, idretts og aktivitetsliv i kommunen, og er ein pådrivar på nokre område og ein tilretteleggjar på andre. Pådrivarrolla inneber å invitere til / etablere samarbeid, utvikle arrangement og leggje til rette for at andre kan skape. Avdelinga syt for tildeling av kulturmiddlar og kulturminnevernstønad, samt samarbeid med skulen om den kulturelle skulesekken og Modalstunet om den kulturelle spaserstokken. I tillegg legg me til rette for arrangement som t.d. barna sin dag, julemarknad, modalsdagane, bygdekino og konserter. På arrangementssida er modalsdagane det største løftet for avdelinga. I år vart det og arrangert ein vellukka og større konsert med Maria Haukås Midtet og Lars Bremnes.

Me søker å vere eit kontaktpunkt for folk utanfrå som ynsker informasjon om Modalen. Det er mange som nyttar turstiane våre, og eininga bidrar til å fremme turisme med utgangspunkt i det kulturelle perspektivet.

Kulturplan for Modalen er lagt ut på høyring, med frist 09.12.19.

Målsetjing for 2020

- Ferdigstilla og vedta kulturplanen for 2019 - 2029
- Gje born og unge i Modalen eit mangfaldig kulturtilbod.
- Ha gode ramnevilkår for lag og organisasjoner.

Bryggjeslottet

Drifta av Bryggjeslottet vart lagt under kundetorget, då biblioteksjefen sa opp den delen av stillinga.

Bryggjeslottet skal vere ein tilgjengeleg aktivitetsarena for lag og organisasjoner gjennom heile året. Her vert større fellesarrangement som kino, konserter og t.d. julemarknad haldne. Bygget har ein viktig folkehelsefunksjon for innbyggjarene i Modalen gjennom eit lågterskeltilbod om fysisk aktivitet i gymsal, symjebasseng og treningsrom (samt intellektuell/åndeleg aktivitet i biblioteket!). I tillegg er huset ein sosial møteplass for folk i ulike aldrar.

Bryggjeslottet skal vere ein lågterskel møteplass for alle som vil kome. Det er difor vesentleg å sjå på kva mogleigheter som finns for å tilrettelegge betre for brukarane, både barna og dei vaksne.

Det er bruk for å sjå på nye/fleire område for aktivitet for m.a. å kunne oppretthalde inntektsnivået framover.

Målsetjing for 2020

- Bryggjeslottet skal vera sentral i marknadsføringa av kommunen.
- Vera eit kultur- og aktivitetshus for folk i alle aldrar.
- Sjå på fleire område for aktivitetar i huset.

Biblioteket

Biblioteket har 50 % stilling som biblioteksjef. Frå august 2019

Me vil sjå på moglege nye vegar å gå for biblioteket vårt. Sektoren er i endring; tradisjonelt bokutlån aleine er ikkje lenger den einaste «foten» biblioteket skal stå på, det skal også fylle andre funksjonar. Biblioteka i Noreg er i ferd med å innta ein meir aktiv formidlarrolle enn tidlegare. Det har til dømes blitt langt meir vanleg å ha ulike typar kulturarrangement.

Målsetjing for 2020

- Utvide opingstida -og tilby eit såkalla «meirope» (tidvis ubetjent) bibliotek.
- Utgreie kva slags digitale tenester bør/skal me tilby.
- Biblioteket skal vera ein møteplass som formidlar kunnskap og oppleveling.

4.1.3 Sosial og barnevern:

Barnevern

Modalen kommune har vertskommunesamarbeid med Vaksdal kommune om kjøp av barnevernstestenester. Det tyder at det er barnevernsleiar i Vaksdal kommune som også er barnevernsleiar i Modalen kommunne. Gjeldande avtale vart inngått for perioden 2012 – 2017, med årleg fornying dersom ingen av partane seier han opp.

Fylkesmannen har i 2019 hatt eit særleg oppfølgingsfokus på dei kommunale barneverna. Dette føl rådmannen i Modalen kommune opp ved å invitere til eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom kommunane i 2020 og framover. Det er avtala nettverksmøte 4 gonger pr. år framover kor barnevernet tek del i nettverksgruppe for oppvekst i Modalen.

Alkohol/rus

Våren 2019 vedtok kommunestyret i Modalen å gjennomføre ein revisjon av *ruspolitisk handlingsplan 2013 – 2017*. Dette arbeidet er godt i rute og revidert utgåve vil bli lagt fram for politisk handsaming tidleg i 2020.

Modalen kommune har avtale med privat skjenkekонтrollør som fører tilsyn med og kontroll av sals- og skjenkestadane. Kontrolløren rapporterer årleg på gjennomførte tilsyn.

Modalen har pr. i dag 2 butikkutsal og 1 skjenkestad for alkoholhadig drikke i kommunen. I tillegg har Bryggjeslottet løyve til å skjenke i slutta lag. Rådmannen har delegert fullmakt til å tildele ambulerande løyve og einskildløyve.

Edruskapsvern omfattar førebyggjande perspektiv, rettleiing og iverksetjing av tiltak dersom behov oppstår. Den ruspolitiske handlingsplanen skisserer korleis dette tilbodet er lagt opp. Rådmannen vil understreke at det er avgrensa etterspurnad etter slik hjelp i kommunen, 0 – 1

saker pr. år, men at det er av høg verdi at tenesta fungerer godt når behov oppstår. Naturlege samarbeidspartar er NAV og eining for helse.

NAV/sosial

F.o.m. 1. januar 2019 gjekk NAV Modalen inn i samarbeid med kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden og Gulen om felles NAV teneste – NAV Fensfjorden. NAV Fensfjorden samlar kommunalt NAV og statleg NAV. Det er Masfjorden kommune som er vertskommune for samarbeidet, øvste leiar er rådmannen i Masfjorden.

Modalen kommune sine innbyggjarar skal kunne nyte NAV-tenestene gjennom telefon, *Mitt NAV* (direkte personleg kommunikasjon via NAV si nettside – krev innlogging), samt individuelle møter med NAV tilsette i Modalen etter avtale. NAV Fensfjorden er i oppstartsåret og det vil kunne ta noko tid før alle forhold fell endeleg på plass.

Dei siste åra har utgiftene til økonomisk sosialhjelp vore aukande. Korleis dette utviklar seg no under ny organisering av NAV-tenesta er noko uvisst, men etter første driftsår (2019) vil rådmannen kunne ha eit godt kunnskaps- og erfaringsgrunnlag.

Frå 1. januar 2019 vart Modalen sin kommunale NAV-ressurs på 20 % overført til NAV Fensfjorden. Samstundes opna samarbeidet for at innbyggjarane i Modalen kan vende seg til NAV-kontoret 5 dagar i veka. Den statlege ressursen Modalen kommune hadde før 2019 var på 40 % (2 dagar pr. veke). Denne har NAV stat overført til NAV Fensfjorden.

Mål 2019 - evaluering

1. Rullere ruspolitisk handlingsplan.

Evaluering: Kommunestyret gjorde vedtak om revisjon av planen våren 2019.

Administrasjonen ventar noko med ferdigstilling til over nyttår 2020. Årsak er at det m.a. er eit sterkt ynskje om å få det nye ungdomsrådet sine evt. innspel/merknadar til planen, samt å få drøfta i oppvekstnettverk kor m.m. barnevernet tek del.

2. Avklare barnevernsarbeid/-avtale med Vaksdal kommune.

Evaluering: Rådmannen hadde hausten 2019 møte med Vaksdal kommune, kor også fylkesmannen tok del. Modalen kommune inviterte barnevernsleiaren til å presentere tenesta i formannskapsmøte i Modalen 22. oktober 2019. I tillegg har rådmannen gjennomført samarbeidsmøte mellom barnevernsleiaren og dei ulike tenestene i Modalen. Her er det avtala tettare, hyppigare og meir omfattande samarbeid.

3. Sikre god overgang inn i felles NAV-kontor.

Evaluering: I løpet av det første driftsåret har NAV Fensfjorden opplevd ein del uforutsette utfordringar knytt til kvar tenesta skal plasserast (lokal), samt sjukdom blant tilsette. Dette har ført til at det for somme av brukarane i Modalen har blitt ei noko negativ oppleveling. Me ser at fleire og fleire brikkar fell på plass, og legg til grunn at tenesta innan kort tid skal opplevast tilfredsstillande.

Mål 2020

Sidan målsetjingane frå 2019 ikkje er innfridd, vert måla vidareført til 2020.

4.1.4 Næring

Det er ass. rådmann som føl opp tenesteområdet *næring*. Dei viktigaste oppgåvene er å sikre at kommunen sin vedtekne strategiske næringsplan (2017) vert fulgt opp, samt sakshandsaming/forvaltning knytt til næringsfondet. Ass. rådmann er den lokale kommunale representanten for Hordaland fylkeskommune sitt *kom-an* tilbod til personar som ynskjer treng rådgjeving knytt til næringsetablering.

Modalen er knytt til nordhordlandsnettverket gjennom Team Nordhordland. Her møter kommunalt tilsette som har næringsansvar innanfor den kommunale verksmda – under leiing av rådgjevar frå NUI (Nordhordland utviklingsselskap IKS). I tillegg har Modalen vore ein del av Osterfjorden næringssamarbeid saman med Osterøy og Vaksdal kommunar.

Næringsutvikling er viktig del av samfunnsutviklinga i Modalen. Me har eit noko avgrensa næringsliv kor om lag 80 % av arbeidsplassane er i offentleg sektor (Modalen kommune). Samstundes har me verksemder som har gjort formidabelt arbeid og bidreg med lokale arbeidsplassar. Det føreligg planar om å byggje nytt kommunehus (nærings- og tenestesenter). Her vil ein ytterlegare kunne styrke samhald og samarbeid med ulike aktørar som ynskjer å etablere og vidareføre næringssatsinga i Modalen.

I 2019 (pr. 18.10.19) har følgjande fått innvilga stønad frå næringsfondet:

- Frank Stian Steinsland; ny driftsbygning, kr. 2 430 900 i tilskot.
- Testlab Vest AS; Investering i mobilt utstyr + løftteutstyr, kr. 70 000 i tilskot og kr. 70 000,- i lån under føresetnad av budsjetttrammeauke i kommunestyret i november.
- Ann-Jorun Farestveit; landbruksutstyr, kr. 93 440,- i tilskot.
- Fjordcharter Norway AS; båtrute Bergen – Mo, kr. 50 000 i tilskot. Søkjær har takka nei til å ta i mot tilskotet.

Næringssatsinga i Modalen føregår i tett samarbeid med landbrukssjefen. Mellom anna fordi landbruket representerer ein stor del av den samla næringsverksemda i kommunen. Dette finn ein att i kommunen sin strategiske næringsplan, samt i dei særlege stønadsordningane (næringsfondet) som er retta mot landbruket.

Mål 2019 – evaluering

1. Administrasjonen vil hausten 2018 og gjennom 2019 søkje å initiere og etablere eit bredt forankra utviklingsprosjekt med føremål å sikre verdiskaping gjennom etablering av arbeidsplassar i eit 10 – 20 års perspektiv. Dette er i tråd med kommunepalanen og strategisk næringsplan.

Evaluering: Utviklingsprosjektet Prosjekt næringsutvikling 2028 – 2030 vart starta opp i kommunestyret hausten 2018. Prosjektet er planlagt i 2 fasar. Den første fasa omhandla ein workshop under leiing av MK reklame kor formannskapet og administrasjonen tok del. Oppsummering og konklusjon om å gå vidare til fase 2 er ikkje handsama enno, men vil skje framover. Hovudmålet prosjektet skal rette seg mot er etablering av nye arbeidsplassar i Modalen.

Målsetjinga vert vidareført i 2020.

4.1.5 Skule

Rektor ved Mo skule er ansvarleg for dette rammeområdet. Ansvarsområdet omfattar grunnskulen, skulefritidsordninga, vaksenopplæring på grunnskulenivå og kulturskulen. I tillegg har rektor det kommunale skuleansvaret som ein del av stillinga.

Grunnskulen

Alle elevar frå Eidslandet i Vaksdal kommune går framleis på Mo skule. Avtalen gjeld for eit år om gongen fram til den vert sagt opp av ein av partane. Frå januar 2019 betaler Vaksdal kommune kr 101 500,- pr elevplass pr. år. Dette er i tråd med satsar for gjesteelevar i Hordaland fylke.

Elevtal	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>	<u>2018</u>	<u>2019</u>	<u>2020</u>
	57	66	74(19)	71(16)	74(17)	72(17)	79(16)	77(15)	86(20)	81(19)	70(9)	65(5)	59 (4)

(Tala i parentes viser elevtalet frå andre kommunar som inngår i det samla elevtalet.)

Kulturskulen: Kulturskulen i Modalen er lokalisert til Mo skule. Kulturskulen gjev tilbod i musikkopplæring innan song, piano og gitar. I tillegg vert det arrangert kortare kurs innan andre kultur/uttrykksformer. Hausten 2019 er det 11 elevar som mottek tilbod i kulturskulen.

SFO er organisert med opning før og etter ordinær skuletid som tidlegare. Elevar i 1.-4.klasse har SFO inne i skuletida dei dagane dei har korte undervisningsdagar. Dette tilbodet vert gjeve utan foreldrebetaling, då det ikkje er sett opp skuleskyss etter undervisningsslutt for desse elevane.

Born i SFO:	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>	<u>2018</u>	<u>2019</u>	<u>2020</u>
	16	11	23	25	32	28	28	31	37	32	26	17	19

Vaksenopplæring

Modalen kommune kjøper teneste frå Lindås (Alver) innan vaksenopplæring på grunnskulen sitt nivå. Mo skule gjev sjølv opplæring i norsk for vaksne flyktningar (introduksjonsordninga) skuleåret 2019-2020.

Stillingsressurs for alle ansvarsomåde: 15,94 årsverk (inkl.vaksenopplæring)

PPT:

Pedagogisk psykologisk teneste vert kjøpt frå Vaksdal kommune. Budsjettmessig vart dette lagt inn under Mo skule frå 2014.

Mål 2020

- Halda fram arbeidet med skulebasert kompetanseutvikling og vidareutvikla Mo skule som ein lærande organisasjon.
- Opplæringsfasen i PALS skal vera over i starten av 2020. Frå januar 2020 vert det viktig å oppretthalda arbeidet med dette i personalet og i klassane.
- Fokus på tidleg innsats og tilpassa opplaering.
- Frå august 2020 er det nye læreplanar og fagplanar i grunnskulen. Det er eit mål å førebu tilsette til å møta dette på best mogleg vis.

4.1.6 Barnehage

Modalen barnehage er ein 3-avdelingsbarnehage, med avdelingane 0-2 år, 3-4 år og 4-6 år. Styrar er ansvarleg for rammeområdet.

Staten sine tilskot til drift av barnehagen inngår i rammetilskotet ut frå talet born i alderen 0-6 år busett i Modalen kommune. Born busett i andre kommunar kan nytta plass i barnehagen, så lenge det er avtale med bustadkommunen om finansiering av plassen. For refusjon av barnehageplassane nyttar ein dei same Nasjonale satsane som ein nyttar når ein gjev tilskot til private barnehagar.

Våren 2020 vil det vere 28/ 34 plassar i barnehagen, der 10 av borna kjem frå andre kommunar. Bemannninga vert justert i høve barnetal og bemanningsnorm.

Bemanningsnorma er 1 vaksen pr. 6 barn. Me erstattar planleggingstida til pedagogane (kvar pedagog har 4 timer planleggingstid) med assistenter, slik at ein i større delar av barnehagekvardagen går med full bemanning.

Barnetal:	<u>2007</u>	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>	<u>2018</u>	<u>2019</u>	<u>2020</u>
	28	36	36	37(7)	32(6)	34(9)	34(9)	31(8)	21(6)	21(5)	28(9)	27(12)	31(11)	28(10)

(Tala i parantes viser barn frå andre kommunar som inngår i det samla barnetalet.

Stillingsressurs: 9,27 årsverk.

Utviklingsmål for Modalen barnehage 2020

- MÅL: REKOMP**, regional kompetanse satsing for barnehagesektoren. Barnehagen har fått midlar til kompetanseheving innan førebygging av mobbing. Prosjektet skal gjennomføras som eit utviklingsarbeid som involverer heile personalet, og som føregår i den enkelte barnehage. Universiteta og høgskulane skal bidra med forskningsbasert og praksisretta innhald. Barnehagen har oppretta eit samarbeid med høgskulen NLA.
- MÅL: AMUS**, resultata etter arbeidsmiljøundersøkinga er klare. Det me er gode på må me arbeida fram plan for korleis me skal behalde og det me må verta betre på må arbeidast med.
- MÅL: VIGILO**, det skal innførast eit heilt nytt administrasjon og kommunikasjonsystem i barnehagane i Nordhordland. Ein skal nytta tid på opplæring i høve til dette.

4.1.7 Pleie og omsorg

Modalstunet har totalt 16 sjukeheimslassar. Drifta har stabilisert seg på 6-8 plasser gjennom året inkludert korttidslassar / avlastning. Dette er dei normalt staten set for behovet dei komande år til eldre over 80 år i Modalen. Frå april har me hatt inntekter på leige av 1.stk plass til andre kommunar, og ser at det kan vere aktuelt i åra som kjem ut frå meldt behov.

I budsjettet for 2020 vert det lagt inn inntekt på leige av ein plass til andre kommunar i eit ½ år.

Hausten 2019 og åra framover ser tenesta ein auke i heimeteneste, som vil gje auke i tenestetimer. Det vil påverke budsjettet, då det er ei lovpålagt teneste kommunen må yte. Ved å satse på heimetenese, vil det og gje auke til brukar når deg gjeld praktisk bistand, tryggleiksalarmer og middagsutlevering.

Det er eit auka behov for psykiatritenester som pleie- og omsorg skal gje teneste til. Dette gjev utfordringar i høve bemanning gjennom døgeret.

Samhandlingsreforma som vart innført i 2012, gjer at me får pasientar tidlegare tilbakeført frå sjukehus enn før. Behandling som tidlegare vart utført på sjukehus vert no utført i kommunane. Behandlingar kan gje auke i kostnader knytt til medikament og utstyr som er kostbare og nye prosedyrar som personalet treng opplæring i for å kunne gje optimal teneste i eigen kommune. Innkjøp av utstyr for å gje den behandlinga som trengst kan og gje ekstra kostnader.

Det vert i åra som kjem arbeidd med elektronisk meldingsutveksling med fysioterapeut, helsestasjon er integrert. Kommunen har krav om sjukepleiekompetanse 24 timer i døgeret, og sjukepleiarane har fått delegert mynde til å handsamen e- meldingar. Det er med å påverke kostnadane til drift av pleie- og omsorgstenesta i åra framover. Avtale om samarbeid i høve øyeblikkeleg hjelpplasser er inngått med Nordhordlandskommunane.

Pleie- og omsorg starta med tilbod til heimebuande demente i mars 2013, der det har vore ein jamn auke av brukarar siste 2 åra. Ein hjelpepleiar og ein aktivitør/miljøarbeidar er ansvarleg for tilboden. Andre eldre i kommunen som ynskjer kan delta, og talet eldre som tek del er 11.stk. Tilboden er ope kvar onsdag frå kl. 07.30 – 15.00, der dei eldre vert henta med bil av personalet og får servert frukost på Modalstunet. Ulike aktivitetar føregår i lokala ut over dagen, og er eit førebyggjande folkehelsearbeid.

Intensjonen er at brukarane møtes i eit sosialt fellesskap, som gjev dei livskvalitet og meistring til å bu lengst mogleg heime. Det vert erfart at det og er eldre som ikkje ynskjer å ta del i eit fellesskap gjennom dette tilboden i kommunen. Det vil vere viktig å drive førebyggjande helsearbeid i kommunen, som gjev resultat i at behovet for institusjonsplass vert utsett. Me vil søkje Helsedirektoratet om tilskot også for 2020. Tilboden er planlagt vidareført i åra som kjem, og samstundes utvide det til å møte den eldre i eigen heim.

Våren 2019 vart det starta opp trimtilbod til eldre i samfunnshuset på Øvre Helland i samarbeid med lege/fysioterapeut og teknisk. Tilboden vert vidareført i åra som kjem, og talet som deltek er ca 10.stk.

Velferdsteknologiprogram (NVP), (St. meld nr. 29 (2012-2013), skal sikre at velferdsteknologi blir en integrert del av helse- og omsorgstjenestene innen 2020. Programmet er ein innføringsfase for tryggleiks – og meistreingsteknologi, der me no framover skal integrere ulikt utstyr i heimetenesta. Bruk av velferdsteknologi skal vere ein del av dei heilsaklege tenestene, som vert tildelt etter søknad. Kostnader knytt til implementering og vidareføring vil vere behov for, og vert årleg lagt inn i budsjett.

Innføring av Digi Helse, som er eit kommunikasjonsverktøy opp mot Helsenorge, gjev innbyggjar elektronisk samarbeid med tenesta. Kostnad med implementering og lisensar vert lagt inn i budsjett.

Reforma «Leve hele livet» er ei kvalitetsreform som skal integrerast i kommunane frå 2019 – 2023 (St.m 15. 2017-2018). Meldinga sitt hovudfokus er å skape et meir aldersvenleg Noreg, og finne nye og innovative løysingar på dei kvalitative utfordringane knytt til aktivitet og fellesskap, mat og måltider, helsehjelp, samanheng og overganger i tenestene. Det vert lagt inn kostnader i budsjett til gjennomføring av reforma.

Drifta har prøvt å få til nye løysingar i høve turnus i år, men har fått avslag på søknad om medlevertturnus frå NSF. Pleie- og omsorg driv heildøgns omsorg, og vil nytte turnus med bemanning ut frå drift. Det vert vektlagt å vere i forkant i høve å investere i kompetanse ut frå utfordringar me ser som vil kome i åra framover, og tenesta vil lyse ut sjukepleiestillingar.

Pleie og omsorgsteneste: Mål 2020

1. Arbeide målretta mot reduksjon i sjukefråver.

Frist: Kontinuerleg gjennom året.

2. Vidareutvikle gode kvalitetssystem (rutiner) i ny organisasjon, gjennom auka myndiggjering av tilsette og personalmøter kvar 6 – 8 veke.

3. Implementering av VFT i drifta, opplæring til tilsette, brukarar og pårørande mm.
Frist: 01.05.2020.

4. Gjennomført Velferdsteknologiens ABC for alle tilsette.
Frist: 01.02.2020.

5. Implementering av Digi Helse i drifta, opplæring tilsette, brukarar og pårørande.
Frist 01.02.2020.

6. Implementering «Leve hele livet» reforma.
Frist: Kontinuerleg gjennom året.

Stillingsressurs: 18,7 årsverk

4.1.8 Kommuneoverlege/Helsesenteret

Kommuneoverlegen har leiaransvar for helsetenestene i kommunen. Dette omfattar legegenesta, helsestasjon, fysioterapitenesta og psykisk helseteneste. Kommunelegen har også ansvar for smittevern, miljøretta helsevern og er kommunen sin medisinsk faglege rådgjevar.

Kommuneoverlegen har i 2019 vore i arbeid i 80% stilling i Modalen. Me har hatt samarbeid med Masfjorden kommune om å dele på ein ALIS-stilling (allmennlege i spesialisering). Modalen dekkjer 20% av denne stillinga. Dette gir oss fleksibilitet mtp legehjelp i kommunen når kommuneoverlege er borte på kurs, ferie, etc. Det vil då også gi auka inntekter.

Psykisk helseteneste har i tillegg til ansvar for å yte tenester for menneske med psykiske problem og lidingar også ansvar for tenester til menneske med diagnosen psykisk utviklingshemming. Som ein del av rammetilskotet til kommunen, mottek kommunen eit tilskot pr utviklingshemma innbyggjar. Me har to psykiatriske sjukepleiarar i kommunen, begge med stillingsheimlar på 100%.

Kommunen har ikkje hatt psykologteneste lokalt sidan mai 2018, då psykolog med hadde saman med Masfjorden kommune og Gulen kommune. Det har vore prøvd å rekruttere på ny til denne stillinga utan hell.

Me har 50% helsesjukepleiar-stilling i kommunen, og denne stillinga vart ledig frå våren 2016. Det har vore fleire vikarar inne i stillinga. Frå 1.okt 2016 har vi fått avtale med Masfjorden kommune om kjøp av helsesjukepleiar-tenester i 30%. For å kompensere for redusert kapasitet i helsesjukepleiar-tenesta, har psykisk helseteneste auka innsatsen mot skule-elevar.

Fysioterapeut Terje V Askeland er i 80% permisjon frå sommar 2018 til sommar 2020. I denne perioden har me inne vikar i 80 %, Martha Thorsheim.

Frå 2020 vil det vere krav om psykolog og ergoterapeut i kommunen. Dette er lagt inn i budsjett for neste år. Kommuneoverlege har også rett på permisjon med løn 4 månader kvart 5. år. Dette fell på 2020, og vil også bety ekstra kostnad for kommunen dette året (vikar-utgifter).

Kommunelege: Mål 2020

- Tilby tilgjengelege helsetenester og førebyggjande tiltak med god kvalitet til folk i Modalen
- Halde på gode samarbeidsrutiner ved helsesenteret med månadlege personalmøter og ei personalsamling i året.
- Halde halvårleg øving i hjerte-lunge-redning for alle ved helsesenteret.
- Ha faglege oppdateringar med undervisningsbolker på personalmøta.

4.1.9 Teknisk etat

Ansvarsområdet omfattar kommunale bygg (nybygg, drift, vedlikehald). Vedlikehald av anlegg og område. Planarbeid, kart og oppmåling, byggjesaker, vatn, avlaup, vegar, og landbruk/skogbruk.

Modalen kommune tilbyr all skuleungdom mellom 16 og 23 år sommarjobb. Dei som deltek på teknisk vert i hovudsak handtert av uteseksjonen ved teknisk etat.

Modalen kommune har ein stor bygningsmasse og mange utomhusanlegg. Desse anlegga vil også i åra som kjem ha trøng for vedlikehald. For å hindre forfall er det naudsynt med eit kontinuerleg vedlikehald. Dette vil i tillegg til bruk av eigne ressursar også krevje inn leige av eksterne firma.

Innan teknisk sektor er det endringar innan plan og bygningslova, lov om eigedomsregistrering (matrikkellova), adresseregister og tekniske forskrifter. Modalen kommune har fokus på teoretisk og praktisk opplæring innan dette området.

Uteseksjonen:

Har ansvar for vaktmestertenesta og vaktordninga i kommunen.

Teknisk etat har ei vaktordning som vert utført av 4 personer med vakt kvar ferde veke. Det er etablert vakttelefon der den som har vakt skal rykkje ut ved feil på teknisk anlegg i kommunen.

Tilsette på teknisk etat: 8 tilsette på reinhald ,6 tilsette på uteseksjonen, 2 tilsette på landbruk/skogbruk og 2 tilsette i administrasjonen.

Stillingsressurs: 11,9 årsverk.

Brannvern

Modalen kommune har inngått samarbeid med kommunane Lindås og Meland brannvern frå 01.05.2017.

Brannordninga er organisert som vertskommunesamarbeid utan nemnd etter Kommunelova § 28b, der Lindås er vertskommune.

Reinhaldstenesta

Har ansvar for dageleg vask og nedvask av dei kommunale bygga i kommunen.

Landbruk

I 2010 blei det etablert ein avtale for kjøp av tenester frå landbrukskontoret i Meland kommune. Rådgjeving og forvaltningsoppgåver innan landbruket vert ivaretake gjennom denne avtalen. Meland har også ansvaret for viltforvaltninga, men i samband med Bestandsplanprosjektet for hjort 2013-2017 har ein vertskommune samarbeid med Vaksdal kommune. Modalen kommune har framleis ansvar for fallvilt (påkjørt/skada vilt).

Tal aktive bønder i Modalen er stabilt, sjølv om eit mjølkebruk avslutta drifta i 2019. Det er under bygging ny mjølcefjøs med lausdrift og robot i 2019. Oppgradering/nybygg av gamle driftsbygningar for å møta nye krav til dyrevelferd er eit satsingsområde. Dei siste åra har bøndene investert i utstyr for jordarbeidning og grovfordyrking. Kommunen har i samarbeid med Modalen Bondelag og Norsk Landbruksrådgjeving Vest sett i gang kompetancesamlingar med fokus på meir og betre grovfor. Landbruk har mellom anna jobba med tilbakeføring av gruber til jordbruksareal.

Avtalen med Meland har fungert godt og vil verte vidareført.

Modalen kommune vil halde fram med landbruksvikar i 51% stilling gjennom avtale med Landbrukstenester i Hordaland.

Flomforebygging på Mo

Mudring av sandbanke ved utløpet til Mofjorden krev løyve frå Fylkesmannen i Hordaland. Truleg vert mudring gjennomført etappevis over ein periode på fleire år, for å kunne tilpassa gjennomføringa best mogleg til anna aktivitet/bruk gjennom året.

Kalkingsanlegg

Kalkingsanlegget på Espeneset som starta opp i 2016, ligg under teknisk sjef sitt budsjett. Både drift av anlegget og investeringane er fullfinansiert med midlar frå staten og eventuelt

ved ein mindre bruk av fondsmidlar til fiske og vilt som BKK årleg betalar. Kommunen står som eigar av anlegget og har ansvar for drifta etter særskilt avtale med staten.

Evaluering mål 2019.

1. Halde fra med nytt «Nærings- og tenestesenter på Mo»

Evaluering:

Målsettinga er oppnådd. Prosjektet held framdriftsplanen og vert vidareført i 2020.

2. Halde fram med oppgradering Brannstasjonen på Mo.

Evaluering:

Målsettinga er oppnådd. Målet vert vidareført til 2020 og prosjektet vil etter planen stå ferdig fyrste halvår 2020.

3. Oppstart av ny vatn og avlaupsplan.

Evaluering:

Målsettinga er oppnådd. Målet vert vidareført til 2020.

.

Teknisk etat - Mål for 2020

4. Oppstart bygging av nytt «Nærings – og tenestesenter på Mo».
5. Fullføre oppgradering av Brannstasjonen på Mo.
6. Fullføre revidering av vatn- og avlaupsplan.

4.2. Tabellar og oversyn:

Små investeringar og tiltak som vert ført i driftsbudsjettet

Beløpsgrensa og reglane knytt til kva utgifter som kan førast i investeringsbudsjettet medfører behov for å ha driftsmidlar tilgjengeleg til slikt føremål. ”Investeringar” der investeringsobjektet har ein verdi/kostnad under kr 100 000 skal ikkje førast i investeringsbudsjettet, men i driftsbudsjettet/-rekneskapen. Det same gjeld for utgifter til tiltak/prosjekt som ikkje vert vurdert å vere av «investeringsmessig karakter». Det gjeld til dømes vedlikehaldsutgift og reparasjonar, sjølv om kostnad er over kr 100 000.

Dei seinare åra har me hatt ein praksis der behov for småinvesteringar må prioriterast innanfor dei ordinære rammeløyvingane til dei ulike tenesteområda.

Følgjande prosjekt er likevel teke inn som småinvesteringar med eiga løyving i framleggget for 2020:

VA-Vatn- og avlaupsplan	kr 450 000
(Prosjektet vert vidareført i 2020, då midlane i 2019 ikkje vart brukt, grunna planleggjing)	
Senger /utstyr til Modalstunet	kr. 170 000
Vøling av nordfasaden på skolemuseet	kr. 120 000
Planarbeid	kr. 0 (Framlegg kr 270 000)

Planarbeid er knytt til revisjon av Kommuneplanen for Modalen kommune 2015 – 2026. Det er kome ei bestilling frå kommunestyret om å endre området på Mo/Otterstad frå kombinert formål til LNF område. Dette er kostnadsrekna til kr 270 000 i plankostnader. Formannskapet ynskte ikkje å bruke desse midlane i 2020.

Sum småinvesteringar kr 740 000.

Løyvingsoversyn drift

Tabellen er ein obligatorisk oppstilling i budsjettvedtaket for driftsbudsjettet og syner budsjett med generelle driftsinntekter, samla nettoløyvingar til budsjettområda, finansutgifter og avsetjing til, samt bruk av, fond.

Løyvingane til rammeområda er vist i tabell med overskrifta Spesifiserte rammeløyvingar.

Tabellen er halde i faste 2020-kr frå 2020 og framover. I dei 3 siste åra i planperioden 2021-2023 er det lagt til grunn same realnivå for skatt og rammetilskot som i 2020.

Budsjettframleggget for 2020 gjev eit netto driftsresultat på kr 3,7 millionar. Merk at mykje av dette kjem frå inntekt som setjast av til næringsfondet, samt premieavviksinntekt. Korrigert netto driftsresultat vert om lag kr 0,9 millionar. Det er då korrigert for premieavviksinntekt samt netto avsetjing til/bruk av bundne fond.

Løyvingsoversyn - drift	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Rammetilskudd	20 708 810	21 800 000	23 200 000	23 200 000	23 200 000	23 200 000
Inntekts- og formueskatt	8 850 258	9 200 000	9 000 000	9 000 000	9 000 000	9 000 000
Eiendomsskatt	16 249 558	17 526 000	22 100 000	22 038 835	24 753 398	24 032 425
Andre generelle driftsinntekter	23 378 555	22 350 000	22 423 000	22 423 000	22 423 000	22 423 000
Sum generelle driftsinntekter	69 187 181	70 876 000	76 723 000	76 661 835	79 376 398	78 655 425
Sum bevilgninger drift, netto	69 957 837	67 632 000	71 636 076	70 634 355	71 034 355	71 634 355
Avskrivninger	6 837 361	6 625 600	6 625 600	6 625 600	6 625 600	6 625 600
Sum netto driftsutgifter	76 795 198	74 257 600	78 261 676	77 259 955	77 659 955	78 259 955
Brutto driftsresultat	-7 608 017	-3 381 600	-1 538 676	-598 120	1 716 443	395 470
Renteinntekter	395 585	246 300	271 300	200 000	200 000	200 000
Utbytter	37 080	0	0	0	0	0
Gevinst på finansielle omløpsmidl.	100 173	200 000	200 000	75 000	72 816	70 695
Renteutgifter	368 111	420 000	600 200	800 000	1 100 000	1 100 000
Avdrag på lån	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Netto finansutgifter	-835 273	-973 700	-1 128 900	-2 025 000	-2 327 184	-2 329 305
Motpost avskrivninger	6 837 361	6 625 600	6 625 600	6 625 600	6 625 600	6 625 600
Netto driftsresultat	-1 605 929	2 270 300	3 958 024	4 002 480	6 014 859	4 691 765
Disp/dekning av netto driftsres.						
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Netto avs til/bruk av bundne driftsfond	-665 702	306 800	431 800	431 800	431 800	431 800
Netto avs til/bruk av disposisjonsfond	2 096 157	-2 577 100	-4 389 824	-4 471 401	-6 483 779	-5 160 687
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
Bruk av tidlegare års mindreforbruk	175 474					
Sum disp/dekn av netto driftsres.	1 605 929	-2 270 300	-3 958 024	-4 002 480	-6 014 858	-4 691 765
Fremført til inndeckn senere år (merforbr)	0	0	0	0	0	0

Spesifiserte rammeløyvingar

	2018kr	2019kr	2020kr	2020kr	2020kr	2020kr
	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Rådmann/sentraladm.	16 485 052	14 641 782	14 665 624	14 446 025	14 346 025	14 446 025
Næring	5 151 528	2 536 683	3 265 647	3 265 647	3 265 647	3 265 647
Kultur	2 449 610	1 970 509	2 573 888	2 522 410	2 522 410	2 522 410
Sosial og barnevern	1 244 502	1 173 000	1 370 400	1 342 992	1 342 992	1 342 992
Skule	11 060 084	11 286 018	11 852 337	11 615 290	11 615 290	11 615 290
Barnehage	4 247 992	4 913 192	4 933 816	4 848 547	4 848 547	4 848 547
Pleie og omsorg	16 826 434	15 929 566	16 272 726	15 947 271	15 947 271	15 947 271
Kommunelege	5 183 528	5 200 565	6 177 363	5 778 185	5 778 185	5 778 185
Teknisk etat	11 488 324	14 093 111	15 591 275	15 079 450	15 079 450	15 079 450
Småinvesteringar		570 000	740 000	500 000	500 000	500 000
Sentrale postar	-4 179 217	-4 682 426	-5 807 000	-4 711 462	-4 211 462	-3 711 462
	69 957 837	67 632 000	71 636 076	70 634 355	71 034 355	71 634 355

Løyvingane til rammeområda er redusert med om lag 2 % frå 2020 til 2021. Vidare i planperioden er nivået halde uendra. Det vert såleis lagt til grunn og innarbeidd i rammene at nettoutgifta må reduserast i 2021. Kva tiltak som skal iverksetjast for å drive i tråd med desse rammene er ikkje konkretisert i denne planen. Dette arbeidet må gjerast neste år og inngå i budsjettprosessen for 2021. Alle rammeløyvingane er i denne planen omfatta av same innstramming.

Spesifikasjon sentrale postar i skjema 1B:

	Rekneskap	Budsjett	Budsjettutkast	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Premieavvik	-1 781 303	-2 018 809	-3 197 000	-2 000 000	-1 500 000	-1 000 000
Mva-komp	-2 433 726	-2 781 917	-2 750 000	-2 851 462	-2 851 462	-2 851 462
Anna	35 812	118 300	140 000	140 000	140 000	140 000
Sum	-4 179 217	-4 682 426	-5 807 000	-4 711 462	-4 211 462	-3 711 462

Økonomisk oversikt drift

Økonomisk oversikt drift viser grupperte inntekts- og utgiftspostar for heile kommunen samla. I oversikten finn ein m.a. netto driftsresultat som er det viktigaste resultatomgrepet for å vurdera resultat og budsjettet resultat i ein kommune, og som syner resultatet av dei løpende inntektene og utgiftene.

Det er for 2020 budsjettet med eit **netto driftsresultat på kr 3,96 millionar** som er 4,0 % av driftsinntektene.

	2020	2021	2022	2023
Netto driftsres. i % av sum driftsinntekt	4,0 %	4,1 %	5,9 %	4,7 %

Økonomisituasjonen for kommunen har stramma seg til dei seinare åra, med stor reduksjon i eigedomsskatteinntektene. Nedgangen har snudd og budsjettet er stramt, men vert lagt fram med eit positivt netto driftsresultat i planperioden mellom 4,0 % og 5,9 %. Netto avsetjing til næringsfondet for 2020 er om lag kr 2,4 millionar. Næringsfondet er definert som disposisjonsfond, men har likevel avgrensingar på bruken.

Korrigert netto driftsresultat:

Det må peikast på at netto driftsresultat er finansiert med kr 3,2 millionar i premieavvik frå pensjon. Premieavviksinntekt skal amortiserast/utgifsførst fordelt over 7 år, og gjev såleis høgare utgift seinare år. Dersom me korrigerer/justerer netto driftsresultat for premieavviksføringa, samt netto bruk av bundne fond, får me eit **korrigert** netto driftsresultat for 2020 på kr 1,2 millionar (1,2 %). I 2019 var tilsvarande kr 0,31 millionar, som utgjorde 0,4 % av driftsinntekta.

Det er lagt opp til høgare driftsresultat utover i økonomiplanperioden. Dette skal nåast gjennom innstramming i rammeløyvingane og auka eigedomsskatteinntekt.

Økonomisk oversikt drift 2020 – 2023:

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Driftsinntekter						
Rammetilskudd	20 708 810	21 800 000	23 200 000	23 200 000	23 200 000	23 200 000
Inntekts- og formuesskatt	8 850 258	9 200 000	9 000 000	9 000 000	9 000 000	9 000 000
Eiendomsskatt	16 249 558	17 526 000	22 100 000	22 038 835	24 753 398	24 032 425
Andre skatteinntekter	21 191 595	20 700 000	21 700 000	21 700 000	21 700 000	21 700 000
Andre overføringer til tilskudd fra staten	2 186 960	1 650 000	723 000	723 000	723 000	723 000
Overføringer til tilskudd fra andre	13 646 439	11 795 117	14 496 158	14 378 100	14 378 100	14 378 100
Brukertilbetalinger	2 064 024	2 072 300	1 980 000	1 940 400	1 940 400	1 940 400
Salgs- og leieinntekter	4 230 324	4 843 500	5 732 200	5 818 921	5 818 921	5 818 921
Sum driftsinntekter	89 127 968	89 586 917	98 931 358	98 799 256	101 513 819	100 792 846
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	41 315 492	40 944 013	44 949 033	43 878 320	43 878 320	43 878 320
Sosiale utgifter	10 621 490	10 679 437	12 028 189	12 837 049	13 337 049	13 837 049
Kjøp av varer og tjenester	30 026 446	27 124 616	29 185 148	28 438 373	28 338 373	28 438 373
Overføringer til tilskudd til andre	7 935 195	7 844 851	7 682 064	7 618 035	7 618 035	7 618 035
Avskrivninger	6 837 361	6 625 600	6 625 600	6 625 600	6 625 600	6 625 600
Sum driftsutgifter	96 735 985	93 218 517	100 470 034	99 397 377	99 797 377	100 397 377
Brutto driftsresultat	-7 608 017	-3 631 600	-1 538 676	-598 121	1 716 442	395 469
Finansinntekter						
Renteinntekter	395 585	246 300	271 300	200 000	200 000	200 000
Utbrytter	37 080	0	0	0	0	0
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidl	100 173	200 000	200 000	75 000	72 816	70 695
Renteutgifter	368 111	420 000	600 200	800 000	1 100 000	1 100 000
Avdrag på lån	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Netto finansutgifter	-835 273	-973 700	-1 128 900	-2 025 000	-2 327 184	-2 329 305
Motpost avskrivninger	6 837 361	6 625 600	6 625 600	6 625 600	6 625 600	6 625 600
Netto driftsresultat	-1 605 929	2 020 300	3 958 024	4 002 479	6 014 858	4 691 764
Disp/dekning av netto driftsresultat:						
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Netto avs/bruk av bundne driftsfond	-665 702	306 800	431 800	431 800	431 800	431 800
Netto avs/bruk av disposisjonsfond	2 096 157	-2 327 100	-4 389 824	-4 434 279	-6 446 658	-5 123 564
Dekning av tidligere års merforbruk	175 474	0	0	0	0	0
Sum disp/dekning av netto driftsresultat	1 605 929	-2 020 300	-3 958 024	-4 002 479	-6 014 858	-4 691 764
Fremført til inndeckn senere år (merforbruk)	0	0	0	0	0	0

5. Investerigar

Investeringsplanen for 2020-2023 er svært prega av det nye nærings- og tenestesenter som skal byggast i perioden, samt oppgradering av brannstasjonen.

Samla investeringsutgifter i økonomiplanperioden 2020-2023 vert kr 60,7 millionar i framlegg. Kr 40 millionar av dette knyt seg til nybygget og drøyt kr 10 millionar knyt seg til brannstasjonen.

Nivået på investeringane må over tid sjåast i høve til storleiken på resultat og avsetjingar til fond frå drifta. Når driftssituasjonen vert strammare og tilførsel til fond avtar, vert handlefridomen og høvet til eigenfinansiering av investeringar dårlegare. Investeringsnivået i denne planen er mykje høgare enn vanleg, og knyt seg til nytt nærings- og tenestesenter som har vore planlagt og diskutert i mange år.

Investeringsutgiftene i planen vert finansiert med eigne fondsmidlar, mva-kompensasjon, samt lånepptak. Lånepptak knyt seg til nærings- og tenestesenteret og brannstasjon.

5.1. Oversyn over investeringar

	2020	2021	2022	2023
Oppgradering nærmiljøanlegget på Øvre Helland	580 000			
Ny bil til Modalstunet og barnehagen	800 000			
Avfallskur (2022) og røykeskur (2023) til beboarane Modalstunet.			150 000	150 000
Nytt dekke til ballbingen på Mo skule	270 000			
Investering i nærings- og tenestesenter på Mo	30 000 000	10 000 000		
Nytt ventilasjonsanlegg Modalstunet			500 000	
Oppgradering av kommunale bygg	300 000	300 000	300 000	300 000
Dagsturhytte i samarbeid med Vestland		500 000		
Markiser til Mo skule 16 stk	250 000			
Diverse investeringar innan vatn og avlaup	400 000	400 000	400 000	400 000
Klatrepark til barn og unge (sjå i samanheng med punktet under)				500 000
Uteområde skule og barnehager (sjå i samanheng med punktet over)			500 000	
Tilrettelegging bustadareal Nedre Helland, ny infrastruktur, VA og asfaltring	0	1 075 000	1 075 000	
Turvegar	250 000	250 000	250 000	250 000
Uforesette investeringar	200 000	200 000	200 000	200 000
Oppgradering av brannstasjonen på Mo	10 160 000			
Tørketrommel Modalstunet	130 000			
Leikeapparat barnehagen	120 000			
Oppgradering flytebryggja på Mo (overført frå 2019)	200 000			
	43 210 000	12 725 000	3 375 000	1 800 000

Avsetjing til nærings - og tenestesenter	1 500 000	2 900 000		
--	-----------	-----------	--	--

5.2. Løyvingsoversyn – Investering


Løvingsoversyn - investering	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Investeringer i varige driftsmidler	3 622 274	16 270 000	43 210 000	13 000 000	2 300 000	1 800 000
Tilskudd til andres investeringer		0	0			
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	230 831	280 000	300 000	300 000	300 000	300 000
Utlån av egne midler		0	0			
Avdrag på lån		0	0			
Sum investeringsutgifter	3 853 105	16 550 000	43 510 000	13 300 000	2 600 000	2 100 000
Kompensasjon for merverdiavgift	560 489	2 484 000	6 350 000	2 194 000	320 000	220 000
Tilskudd fra andre	491 112	100 000	0			
Salg av varige driftsmidler	5 385	4 000 000	0			
Salg av finansielle anleggsmidler		0	0			
Utdeling fra selskaper		0	0			
Mottatte avdrag på utlån av egne midler		1 080 000	2 500 000			
Bruk av lån		7 500 000	25 500 000			
Sum investeringsinntekter	1 056 986	15 164 000	34 350 000	2 194 000	320 000	220 000
Videreutlån	2 602 354	1 000 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Bruk av lån til videreutlån	2 105 141	1 000 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Avdrag på lån til videreutlån	253 815	350 000	360 000	360 000	360 000	360 000
Mottatte avdrag på videreutlån	577 735	350 000	360 000	360 000	360 000	360 000
Netto utgifter videreutlån	173 293	0	0	0	0	0
Overføring fra drift	0	0	0			
Netto avs. til eller bruk av bundne inv.fond	173 292	-2 080 000				
Netto avs. til eller bruk av ubundet inv.fond	2 796 120	3 466 000	9 160 000	10 720 000	3 140 000	1 880 000
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0			
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	2 969 412	1 386 000	9 160 000	10 720 000	3 140 000	1 880 000
Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)	0	0	0	0	0	0

5.3. Fondsmidlar og lånegjeld – utvikling

Diagrammet for ubundne fondsmidler under syner utvikling i samla frie fondsmidler fram til og med året 2018 med samla kapital kr 22,6 millionar pr 31.12.18. Fondskapitalen er auka frå eit svært lågt nivå pr 1.1.11 på om lag kr 2,8 millionar.


Fram til og med 2018 er det rekneskapsmessige verdiar som er synt. For året 2019 er det lagt til grunn budsjetterte verdiar.

Diagram: Utvikling ubundne fondsmidlar 01.01.10 – 01.01.20



For åra i planperioden 2020-2023 er det synt utvikling i fondsmidlane i diagrammet under, der me syner Sum disposisjonsfond (øvste linja i diagrammet), og splittar dette opp i Næringsfondet (utanom grunnkapitalen), Generelt disposisjonsfond og Fond øyremerka nytt nærings- og tenestesenter.

Diagram: Utvikling ulike ubundne fondsmidlar 01.01.17 – 01.01.24



Sum disposisjonsfond vil auke markert i slutten av perioden fordi det er lagt inn lite fondsfinansierte investeringar dei 2 siste åra i planen. Utviklinga baserer seg på det som er lagt inn i budsjett og økonomiplan i drift og investering inkl justeringar 2019. Avvik/endring i høve til dette vil sjølvsgå påverke utviklinga. Det ligg ofte lite investeringsprosjekt i investeringsplanen i slutten av planperioden. Dette vil neppe verte det som er realiteten når dei aktuelle åra vert budsjettår. Såleis er det grunn til å tru at utviklinga mot slutten av perioden ikkje vert så positiv som diagrammet syner.

Utvikling i lånegjeld:

	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Lånegj i % av dr.innt	18,5 %	17,2 %	40,3 %	39,0 %	36,5 %	35,2 %
Lånegjeld	16 376	15 376	39 876	38 376	36 876	35 376
Lånegjeld pr innb	43 095	40 463	104 937	100 989	97 042	93 095

Tabellen syner venta utvikling i lånegjelda i planperioden basert på opplåning og avdragsbetaling slik det er lagt inn i framlegg til budsjett og økonomiplan 2020-2023.

5.4. Utfyllande kommentarer til investeringsbudsjettet

I økonomiplanen er det i utgangspunktet lagt vekt på å halde investeringane i perioden på eit nivå som er tilpassa kommunen si økonomiske evne. 2020/2021 vert i så måte unntaksår med ekstra høge investeringsutgifter grunna prosjekta Nytt nærings- og tenestesenter og Brannstasjon.

Investeringslista er på kr 43,2 millionar i 2020, kr 12,7 millionar i 2021, 3,4 millionar i 2022 og 1,8 millionar i 2023.

Nytt dekke på tennisbana på Øvre Helland

Det er behov for utskifting av nytt dekke på tennisbana på Øvre Helland.

Det eksisterande dekke er i dårlig stand.

Modalen kommune har rammeavtale med Trigonor og vi fikk inn eit tilbod i 2019 på kr. 580 000,-.

Tilbodet er mykje høgare enn budsjettet kostnad i 2019 på kr 150 000, og difor blei ikkje prosjektet påbegynt i 2019.

Budsjettert kostnad i 2020 kr 580 000

Ny Mercedes Benz 9 seter bil til bruk for Modalstunet og Barnehagen

Mercedez Benz kjøpt i 2009 har slitasje, og det har siste åra vore utført reparasjonar med store kostnader. Ut frå at den vert nytta til bebuarane på Modalstunet og dagsenter for demente/eldre kvar veke, er det ein viktig del av tenesta i pleie-og omsorg. Det er lovpålagt tilbod at kvar kommune driv dagtilbod til heimebuande demente. I 2019 fekk me montert ny heis på bilen me har, som vil verte overført til ny bil, med eit mellomlegg på ca kr 30 000. Ved at me kan drive dagsenter for heimebuande, vil det føre til at eldre i kommunen kan bu lenger heime og ikkje ha behov for institusjonsplass. Ein kan då redusere 1-2 institusjonsplassar årleg, som er ein kostnad på ca 1 mill pr. plass.

Budsjettet kostnad i 2020 kr 800 000.

Avfallskur og røykeskur til beborarane på Modalstunet

Budsjettet kostnad avfallskur i 2022 kr 150 000.

Budsjettet kostnad røykeskur i 2023 kr 150 000.

Nytt dekke i ballbingen på Mo skule

Det er behov for utskifting av dekke i ballbingen på Mo skule.

Det eksisterande dekket er i dårlig stand. Modalen kommune har rammeavtale med Trigonor, og vi fikk inn eit tilbod i 2019 på ca kr 270 000.

Tilbodet lå mykje høgare en budsjettet kostnad i 2019 på kr. 150 000,- og difor blei ikkje prosjektet påbegynt i 2019.

Budsjettet kostnad i 2020 kr 270 000.

Nytt nærings – og tenestesenter

Det vart i 2013 utført ei vurdering av kommunehuset. Kommunestyret tinga i 2014 sak for vurdering av bygging av eit nytt kontorbygg for offentleg / privat verksemد. Eit skisseprosjekt vart utarbeida i 2015 og vart lagt fram for kommunestyret i november 2015. Eit revidert skisseprosjekt datert januar 2018 vart utarbeidda, der prosjektet er nedskalert i størrelse.

Kommunestyret vedtok 2018 å bygge eit nytt nærings- og tenestesenter i Modalen. Formannskapet vart styringsgruppa for prosjektet.

Avsetjing til prosjektet:

Budsjettet avsetjing i 2019	kr 1.000 000.
Budsjettet avsetjing i 2020	kr 1.500 000.
Budsjettet avsetjing i 2021	kr 2.900 000.

Samla avsetjing vert med dette kr 10,9 millionar til eigenkapital i prosjektet.

Investeringsutgift:

Budsjettet kostnad i 2020	kr 30 000 000
Budsjettet kostnad i 2021	kr 10 000 000

Finansieringa er innarbeidd slik i budsjett- og økonomiplanframlegget:

Lån 2019	kr 0
Fond 2019	kr 1 000 000
Mva-komp 2019	kr 250 000
Lån 2020	kr 22 000 000
Fond 2020	kr 2 000 000
Mva-komp 2020	kr 6 000 000
Lån 2021	kr 0
Fond 2021	kr 8 000 000
Mva-komp 2021	kr 2 000 000

Nytt ventilasjonsanlegg på Modalstunet

Det vert utført årleg service på anlegget. Anlegget treng å skiftast ut, då det er gammalt og har vore der sidan bygget var nytt på 80 – tallet. Generell tilstand på aggregat og automatikk er därleg og det bør planleggjast for ein utskifting av dette.

Budsjettet kostnad i 2022 kr 500 000.

Oppgradering av kommunale bygg

Modalen kommune har kommunale bygg på Mo, Kleivane, Nedre - Helland og Øvre Helland av varierande alder og kvalitet. Det vert planlagt sett av midlar kvart år i økonomiplanen til oppgradering av investeringsmessig karakter.

For året 2020 er det tenkt oppgradering av baksiden av Mo skule. Det er trong for å skifte vindauge, dør, etterisolering og maling av ein fasade. Uføresette hendingar og vedlikehald vert føresett dekka innan ordinær drift i 2020.

Budsjettet kostnad i 2020 kr 300 000.

Budsjettet kostnad i 2021	kr 300 000.
Budsjettet kostnad i 2022	kr 300 000.
Budsjettet kostnad i 2023	kr 300 000.

Dagsturhytte i Modalen

Prosjektet er eit spleislag. Dagsturhyttene skal bli eit lågterskeltilbod for turgåarar, eit folkehelsetiltak som skal gje godt liv i eit trygt samfunn. Sogn og Fjordane har alt fått 26 dagsturhytter, til totalt 33 millionar kroner, som er blitt ein stor suksess. Hordaland vil bygge 35 dagturhytter til minst 35 millionar kroner. Hordaland vil bruke same modell som i Sogn og Fjordane gjennom eit spleislag mellom fylkeskommunen, kommunane, spelemidlar og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, som er viljug til å bidra med pengar i Hordaland òg. Den fylkeskommunale løyvinga for 2019 skal gå til dei 10 første dagsturhyttene. Vidare er det rekna med sju millionar i fylkeskommunal tilskot til dei resterande 25 hyttene for åra 2020 og 2021. Det er planlagt ei hytte i kvar kommune. Bergen kan få fleire. Det blir lagt opp til brei medverknad for kvar hyttene skal plasserast, opparbeiding og drift. Kvar kommune må avgjere om dei vil nytte tilboden om å få dagsturhytte. Hyttene kan bli tilrettelagt med lys, varme og sanitæranlegg der det er behov for det. I tillegg skal hyttene ha eit bibliotek og ein plan for ulike arrangement. Opparbeiding og merking av turløyper til hyttene må vere ein del av prosjektet. I gjennomsnitt er det rekna med ein total kostnad på ein million kroner pr. hytte. Totalkostnaden blir dermed minimum 35 millionar kroner for dei 35 dagsturhyttene. Dei første dagsturhyttene skal stå ferdig hausten 2020.

Budsjettet kostnad i 2021 kr 500 000.

Markisar til Mo skule 16 stk

Det er behov for til solskjerming ved Mo skule. Markisene er i svært dårlig stand. Nokre er lause i veggen, andre manglar tau slik at ein får dei korkje opp eller ned, og nokre er sunde. Det gjev ein dårlig solskjerming på solrike dagar. Det er i alt 16 markiser i fasaden som vender ut mot skuleplassen. Dei fleste er doble, og går over to vingauge.

Budsjettet kostnad i 2020 kr 250 000.

Oppgradering av brannstasjonen i industribygget

Frå 01.05.2017 vart Modalen Brannvern ein del av Lindås og Meland Brannvern. I avtalen som vart inngått har Modalen forplikta seg til å kosta utbetring av brannstasjonen på Mo. Pålegg frå Arbeidstilsynet i samband med tilsyn for å førebyggja helseskade for brannmannskap og feiar, medfører behov for og krav om vesentlege utbetringar ved dagens brannstasjon.

Forum arkitekter har gjort ei vurdering av ombygging av stasjonen, og konklusjonen er at det vil medføre høge kostnadar å utbetra dagens brannstasjon til å ivareta krav i lov og forskrift. Forum Arkitekter AS har utarbeida eit totalentreprisegrunnlag for prising. Dette vart lagt ut på Mercell og ved fristen sitt utlaup var det kommet inn 2 tilbod frå entreprenørar:

Prosjektet forankrast politisk i eiga sak til kommunestyret før ein vel kva løysing ein vil gå for.

Budsjettet kostnad 2020 kr 10 160 000 eks mva.

Diverse investeringar innan vatn og avlaup

Vatn og avlaupsanlegga i Modalen kommune treng løpende oppgradering, fornying av investeringsmessig karakter.

Budsjettet kostnad i 2020 kr 400 000.

Budsjettet kostnad i 2021 kr 400 000.

Budsjettet kostnad i 2022 kr 400 000.

Budsjettet kostnad i 2023 kr 400 000.

Uføresette brot vert føresett dekka innan ordinær drift.

Klatrepark til barn og unge

Det er kome innspel på å etablere ein klatrepark til barn og unge i området båthamna – Otterstad. Formannskapet var positive, men ville vurdere nærmare plasseringa av klatreparken. Mo skule kan vere ein alternativ og hensiktsmessig plassering.

Budsjettet kostnad 2023 kr 500 000.

Uteområde Mo skule

Etter innspel frå rektor, er det ynskjeleg med oppgraderingar av uteområdet. Mykje begynner å bli slitt, og det er behov for fornying og oppgradering.

Budsjettet kostnad 2022 kr 500 000

Tilrettelegging for bustadareal, tomtekjøp, opparbeiding m.m.

I kommunestyret i sak 017/2018 vart det vedteke at kommunestyret ønskjer å sette i gang regulering på Kleivane, på område som allereide er avsett til bustadområde i kommuneplanen. Dette arbeidet er ikkje sett igong enno.

På Helland er det eit regulert bustadområde som er eigd av privat grunneigar. Området er ikkje utbygd. Det er koment eit inspel til kommunen med ynskje om å kjøpe tomt i bustadområdet. På Helland er det kun tre kommunale bustadtomter att. Kommunen har gått i dialog med grunneigar om å få kjøpe området. Grunneigar ynskjer å selje det regulerte bustadfeltet. Det er difor behov for midlar til tilrettelegging av bustadarealet på Nedre – Helland. Ny infrastruktur må på plass. VA - arbeid, ny pumpestasjon og kummer, asfaltering, opparbeiding av vei, grøfter, asfaltering og gatebelysning.

Budsjettet kostnad 2021 kr 1 075 000

Budsjettet kostnad 2020 kr 1 075 000

Turvegar

Det er behov for å utvikle og opparbeide tilbodet med turvegar. Dette vil vere eit viktig folkehelsetiltak for alle aldersgrupper.

Prosjektet kan sjåast i lag med investering av dagsturhytte i Modalen.

Aktuelle prosjektområde:

Turstiar på Nygard i samarbeid med hytteforening / vellag.
Turveg Helland – Mo
Sykkelveg / lysløype for ski vinterstid
Øvre Helland

Budsjettert kostnad i 2021	kr 250 000.
Budsjettert kostnad i 2022	kr 250 000.
Budsjettert kostnad i 2023	kr 250 000.

Flomførebygging Modalselva

Det har bygd seg opp ein sandbanke ved utløpet av Modalselva. Det kan føre til at elva vert pressa meir mot Otterstad sida.

Deler av sandbanken bør derfor fjernast. Mudring av sandbanke ved utløpet krev løyve frå Fylkesmannen i Hordaland. Truleg vert mudring gjennomført etappevis over ein periode på fleire år, for å kunne tilpassa gjennomføringa best mogleg til anna aktivitet/bruk gjennom året. Det vart budsjettert kostnad 2019 på kr 250 000. Prosjektet i 2019 vart stoppa opp, då sakshandsamaren sluttar i jobben på teknisk etat. Det har ikkje lykkast å få på plass ny sakshandsamar i 2019. Det er ynskjeleg at prosjektet førast vidare i 2020 og ny sakshandsamar må på plass. For 2020 blir det ikkje satt av budsjettmidlar. Søknaden må fyrst sendast inn til Fylkesmannen for endeleg vedtak.

Uføresette investeringar

Løyving/buffer til mindre uføresette investeringstiltak utan konkret løyving. Rådmannen disponerer denne.

Budsjettert kostnad	2020	kr 200 000.
Budsjettert kostnad	2021	kr 200 000.
Budsjettert kostnad	2022	kr 200 000.
Budsjettert kostnad	2023	kr 200 000.

Innkjøp av leikeapparatar i barnehagen

Leikeområdet ute. Barnehagen er 12 år no og ein ser at leikeapparata ute har begynt å forfalla og treng mykje vedlikehald. Nokon apparat har måttta vorte fjerna. Det må setjast av midlar til å skifte ut apparata. No i fyrste omgang er det vippehuska, leikestativ og sjørøvarkipet som ein treng skifta ut. Det er eindel feil og manglar på apparata.

Budsjettert kostnad	2020	kr 120 000.
---------------------	------	-------------

Tørketrommel – Modalstunet

Det er behov for ny tørketrommel på vaskeriet.

Budsjettert kostnad	2020	kr 130 000.
---------------------	------	-------------

Oppgradering flytebryggja på Mo

Prosjekt som pågår, men ikkje vert ferdig 2019. Det er løyvd kr 500 000 i 2019, og det er behov for at kr 200 000 av desse vert flytta til 2020.

Budsjettert kostnad 2020 kr 200 000.